

Martabu med nybaka Skorpo-brød

13.07.2012



Morten og Emilie Nilsen i Martabu i fjor

**Sundag klokka 9 opnar Martabu på Sandakaien
sommarsesongen og held det gåande laurdagar
og sundagar så lenge sesongen varar.
Opningstidene er vidare frå 10 til 15 på laurdagane og 9 til
16 på sundagane men Morten Nilsen utelukkar ikkje opning
også andre dagar hvis veret er fint!
Kva har han så å lokka med i denne tradisjonsrike butikken
som har fått ein ansiktsløfting dei siste dagane?**



Det tradisjonsrike bygget er nymåla foran sesongen

Han er ikkje i tvil om at brøda som Marit Teigelig Langballe steikar i den 'nygamle' steinommen sin på Skorpo vil slå an. Nysteikte vaflar, kakar og kaffi kan ein også nyta på morgonkvisten. Morten tek også imot bestillingar av steinombakte brød på sms.

Martabu var ein stor suksess heilt frå opninga for eit år sidan og suksessen vart i høgaste grad bekrefta til jul. Ikkje minst husflidsprodukta som uskedalingane og andre hadde å by fram vart det seld mykje av og Jane Haaranes vil nok oppleve det same i år.

Ho blir sentral i bua og har med seg strikkeprodukt. Så er ho da også den som har stått for strikkekafeen i Gamlaskulen. Ho oppmodar andre som har noko å selja om å melde frå til henne på telefon 906 89840 eller til Morten på 450 02059. Dei vil gjerne ha produkt av ymse slag og kjem sjølve til å ta kontakt med fleire. Også Emilie Nilsen (17) blir å sjå i bua, som i fjor.

Bua får også ein annan sentral oppgåve - som kontaktpunkt for turistinformasjon. Det vil bli delt ut brosjyrar som mellom anna viser turtilbodet.

Martabu er ikkje berre måla oppatt framfor sesongen, plassen inne er auka med 40 prosent. Heile kjelleretasjen er teke i bruk. Der er det intimt og koseleg - rett og slett sosialt!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen